

Einar Sofienlund
Modalsvegen 537
5729 MODALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16512 - 21/50119

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2021

Godkjent søknad om dispensasjon - Dyrkolbotn kraftverk

Administrativt vedtak: **Saknr:** 813/21

Tiltakshavar: Nipo Kraft AS

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommunedelplanen for oppføring av av Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande anlegg: mellombels riggområde, permanent deponi, røyrgate, dam, kraftstasjon, veg til stasjon og utfylling langs E39.

Grunngjeting går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplanen for Lindås for oppføring av av Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande anlegg: mellombels riggområde, permanent deponi, røyrgate, dam, kraftstasjon, veg til stasjon og utfylling langs E39.

NVE har godkjent detlijplan for miljø og landskap den 16.10.20. NVE har gjeve konsesjon i 2010. Alver kommune har gjeve konsesjon i saka i 2020.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.09.20 og supplert 12.11.20, 12.04.21 , 18.05.21.


Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Kommunen etterspurte dokumentasjon i brev av 11.11.20, 09.04.21.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker 12.11.20, 12.04.21 , 18.05.21 . Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås er definert som LNF-føremål. Delar av tiltaket ligg i båndleggingssone – støysone og byggjegrense langs E39, delar av tiltaket ligg i aktksamheitssone for flaum, ras og skredfare H_310.



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Dispensasjon

Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplanen for Lindås.

Ansvarleg søker kjem med følgjande orientering og grunngjeving i dispensasjonssøknaden 18.05.21:

Det er utarbeidet detaljerte planer for miljø og landskap (DML) hvor rørgata ble planlagt i hht gitt konsesjon, og følgelig ble DML godkjent av NVE med brev datert 19. okt. 2020. Nipo Kraft AS trenger å avklare prosjektområdet med Alver kommune sin arealplan. Området er i dag regulert (definert) som et LNF område, og det søkes med dette om dispensasjon/avklaring fra kommunens arealplan for bygging av Dyrkolbotn kraftverk i hht vedlagte Arealbruksplankart, se vedlegg 2.

I DML er det beskrevet håndtering av bl.a. diesel- lagring og fylling og som også godkjent av NVE i nevnte brev.

Vedlegg 2 viser kart for Arealbruksplan, mens vedlegg 3 viser kommunekart med båndleggingssoner i hht til E39, samt planlagte installasjoner for Dyrkolbotn kraftverk. Merk at riggområde som rørlager innenfor båndleggingssonene ved E39 er et midlertidig inngrep hvor terrenget ikke blir endret og som blir tilbakeført til opprinnelig område etter at utbyggingsperioden er over. På den andre siden av veien til Dyrkolbotn har vi planlagt å legge et permanent deponi av overskytende gravemasser fra rørgrøfta, som trolig blir hovedsakelig sprekstein, med et tynt lag med veksttorv på toppen. Dette området er også innenfor båndleggingssonene. Det søkes om dispensasjon til midlertidig å kunne benytte disse to båndlagte områdene som beskrevet.

Når det gjelder rørgata som krysser under ny E39, så ble det i forbindelse med bygging av E39 allerede lagt tilstrekkelig trykker igjennom veifyllingen og disse rørene vil nå bli tatt i bruk slik som hensikten var den gang veien ble bygget. Med dette tiltaket som allerede er utført, vil ikke bygging av Dyrkolbotn kraftverk ha nevneverdige endringer eller påvirkninger for Statens Vegvesen og E39.

Statens vegvesen har båndleggingssoner i forbindelse med Europaveien, som vist på vedlegg 3 Kommunekart hvor dette er vist. Her ser vi at det midlertidige rørlagret og det permanente deponiet ligger innenfor båndleggingssonene. Vi mener dette ikke vil få betydning for Statens Vegvesen, og som man kan se på vedlagt bilde har det ligget tilsvarende rør på aktuell plass. Dette er restene av rør som ble til overs og som ble lagt igjen etter at det ble lagt rør i veifyllingen igjennom E39 på stedet som nå vil bli benyttet.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå anna styresmakt.

Statsforvaltaren har uttalt seg til NVE den 06.10.20 i forbindelse med reviderte detaljplanen for Miljø og landskap knytte Dyrkolbotn kraftverk. Vilkår frå Statsforvaltaren vart tatt med i vedtaket – godkjenning av revidert planen for Miljø og landskap av NVE den 19.10.20.


Statens vegvesen har uttalt seg i brev av 22.06.21:

Uttale

Til denne saka uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg og som sektormynde med ansvar for trafikktryggleik

Av søknaden om dispensasjon, går det fram at riggområdet som vert omsøkt som rørlager ligg innanfor bandleggingssonen ved E39 og er eit mellombels inngrep der terrenget ikkje vert endra. Tiltaket skal tilbakeførast til opprinnelag område etter at utbyggingsperioden er over. På den andre sida av vegen til Dyrkolbotn er det planlagt eit permanent deponi av overskytande gravemassar frå rørgrofta som truleg vert hovudsakleg sprengstein, med eit tynt lag med veksttorv på toppen. Også dette ligg ifølgje tiltakshavar innanfor bandleggingssonen.

Vedlegg 3 til søknaden syner det tiltakshavar omtalar som «bandleggingssonen». Etter det Statens vegvesen kan sjå er det avgrensinga for reguleringsplan E-39 Gamleseter – Nipetjønn PlanID 1263-11062003 som er illustrert med grå farge i kartet.



Oversendinga frå kommunen inneholder ei rekke filer med dialog mellom partane i saka og uttrykket «bandleggingssone» vert brukt gjennomgående. Når Alver kommune sender saker til formell høyring ber vi om at vi som høyringsinstans berre får oversendt relevant informasjon og at høyringsbrev inneholder tilstrekkeleg med opplysningar til at vi enkelt kan ta stilling til det omsøkte tiltaket. Vi kan etter å ha sett på ulike planar ikkje sjå at det ligg noko bandleggingssone langs Ev. 39 her utover vegføremål fastsett i reguleringsplanen for E39.

Kryssområdet der permanent deponi og mellombels riggområde vert søkt etablert er ikkje opparbeidd slik reguleringsplanen viser. Den eksakte avstanden frå det planlagde tiltaket til vegmidte Ev. 39 er etter det vi kan sjå ikkje vist i søknaden. Under føresetnad av at tiltaket ikkje kjem i berøring med vegkroppen for riksvegen, grøfter og tilhøyrande system for overvatn knytt til vegen, har ikkje Statens vegvesen vesentlege merknader. Vi presiserer at

det er viktig at tiltaket ikke vert etablert slik eller med ei høgde som gjer at dette påverkar sikttilhøva i det etablerte krysset.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i dispensasjonssak oversendt for klagevurdering.

Landbruksavdelinga har uttalt deg i brev av 10.06.21:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplan for Lindås kommune for bygging av Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande anlegg: mellombels riggområde, permanent deponi, røyrgate, dam, kraftstasjon, veg til stasjon utfylling i båndleggingsområde langs E39. Konsesjon er gjeve i 2020. Detaljplan er utarbeide og godkjent av NVE (sjå vedlegg).

Planstatus: Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås er definert som LNF-føremål.

Dette er eit eksisterande kraftverk og tilhøyrande anlegg som skal oppgraderast, og det er soleis ikkje eit nytt tiltak. Detaljplan frå NVE tilsvrar ein reguleringsplan etter plan- og bygningslova og i varetek omsyn som ligg til LNF-føremålet.

Landbruksavdelinga har ingen merknader til søknaden og vil nå til at det vert gjeve dispensasjon.

Både Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen får vedtaket til klagevurdering.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 12.09.20.

Tiltaket går over fleire eigedommar gbnr 247/11, 247/10, m.fl. tilkomst går over gbnr 246/15. Grunneigare samtykka til at tiltaket kan plasserast slik det er omsøkt.

Vegstyresmakta Statens vegvesen har i tidlegare vedtak gjeve løyve til avkørsle frå offentleg veg E39.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg kommunal veg. Løyve til avkørsle er gjeve i sak 20/18479 den 14.12.20 av samferdsel, veg vatn og avløpsavdelinga. Parkeringsplassar er vist på illustrasjonen ved dammen.

Avkørsle til offentleg veg E39 er godkjent av vegstyresmakta i tidlegare sak. Det ligg føre tinglyst avtale/avtale om vegrett over gbnr. 246/15.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser avkørsle, Dyrkolbotn kraftverk med tilhøyrande anlegg: mellombels riggområde, permanent deponi, røyrgate, dam, kraftstasjon, veg til stasjon og utfylling langs E39.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Området er omfatta av aktsomheitsområde for flaum og ras- og skredfare(H310). Vi legg til grunn at dette blir dokumentert i høve til vilkår frå NVE og at dei materielle krava i plan- og bygningslova blir ivaretatt.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg til sidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon når tiltaket er i tråd med konsesjonsvedtaket.

Vilkåra for å gje dispensasjon vil alltid vera tilstade når det er gjeve konsesjon etter vassresurslova, vassdragsreguleringslova og energilova om tiltaka er i tråd med konsesjonsvedtaket.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur. Omsyna bak LNF-formålet er å sikre område for landbruksproduksjon, medrekna jordbruk og skogbruk, og/eller sikre at arealet vert liggjande som naturområde med særleg verdi for friluftslivet. Når kommunen legg ut areal til LNF-område er det fordi den vil ta vare på eller sikre dei interessene som fell inn under formåla.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna bak LNF-område ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for. NVE har vedtatt detaljplan for miljø og landskap og tiltaket er i tråd med denne planen vedtatt 19.10.20.

Vidare er det administrasjonen si vurdering er at fordelane ved å gje dispensasjon frå planføremål er klart større enn ulempene.

I vurderinga av fordelar og ulempar har kommunen særleg lagt vekt på at :

1. Det er gjeve konsesjon for tiltaket i 2020.
2. Det er vedteke detaljplan for miljø og landskap av NVE den 19.10.20.
3. Statsforvaltaren sine vilkår vart teke med i detaljplanen den 19.10.20.
4. Inngrepet i landskapet er ikkje vesentleg og delar av terrengeinngrep (lager/riggområde) skal tilbakeførast etter byggeperiode er over.
5. Røyrgata som krysser under ny E39 er allerede lagt igjennom veifyllingen og disse rørene vil nå bli tatt i bruk slik som hensikten var den gang veien ble bygget. Det vert ikkje verknader for Statens Vegvesen og E39.

Administrasjonen si samla vurdering er at fordelane ved å gje dispensasjon frå LNF-område er klart større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå planføremål i kommunedelplan er oppfylt.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16512

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nipo Kraft AS

Dyrkolbotn 119 5994

VIKANES

Mottakarar:

Einar Sofienlund

Modalsvegen 5729
537

MODALEN